



Notat

Dato: 31.08.2018
Arkivsak: 2014/16773-23
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av IA-avtalen - status september 2018

Gjeldande IA-avtale og samarbeidsavtale med NAV går ut ved komande årsskifte. Handlingsplanen for oppfølging av IA-arbeidet i HFK har vore følgt opp jamleg, og vart sist behandla i HAMU i september 2017. Som vedlegg til dette notatet følgjer handlingsplan med oppdatert status pr. september 2018.

Det siste året har IA- og HMS-arbeidet utvikla seg nokre steg vidare, etter at det har vore satsa på seminar og oppfølging av einingane med tanke på vel fungerande lokale arbeidsmiljøutval (AMU). Eigenkontrollen for 2017 viser at bortimot alle einingar har eit systematisk og førebyggjande HMS-arbeid: 42 av 46 einingar svarar ja på at dei har dokumentert korleis HMS-arbeidet er organisert, og 44 einingar svarar at dei har gjennomført HMS-kartlegging.

Lokal oppfølging av nærvær og sjukefråværsstatistikk ser også ut til å fungere. 44 av 46 einingar svarar ja i eigenkontrollen på at dei har rutine på å følgje opp sjukefråværet i leiargruppa og/eller AMU.

Ikkje alle punkta i handlingsplanen for IA er kartlagt for å få fram status, desse er markert med gul farge i statusfeltet.

Målet om 95 prosent nærvær (dvs. maks 5 prosent sjukefråvær) vart ikkje nådd i 2017, då fråværet enda på 5,69 prosent. Utviklinga i 2018 ser noko betre ut, med lågare tal særleg for andre kvartal (sjå eiga notat til HAMU).

Vedlegg:

Handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv i HFK 2014-18, status sept. 2018.